



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

HØYRING AV FORSLAG TIL SKOGVERN



Foto: Natur og samfunn

Skinstadreset naturreservat - utviding

ÅLESUND KOMMUNE

Høyringsfrist 15.04.2024
2022/857

Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 % av skogarealet. I februar 2024 er om lag 5,3 % av skogarealet og ca. 4,0 % av den produktive skogen verna i Noreg. Det er eit nasjonalt miljømål at «*eit representativt utval av naturtypane i skog blir verna for kommande generasjonar*». Vern av skog er også viktig for å nå fleire av dei andre miljømåla, til dømes at «*utrydding av trua artar i skog skal opphøyrer og status for artar i nedgang skal ha blitt forbetra innan 2020*» og at «*mangfold av naturtypar i skog skal bli tatt vare på eller gjenopprettast innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle stadeigne artar finns i levedyktige bestandar*».

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha stor positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved friviljug vern av privateigd skog. Friviljug vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog.

Dersom ein har naturfagleg kunnskap om det aktuelt tilbodsområde frå før, kan slike data bli lagt til grunn for ein eventuell verneplanprosess. Dersom området ikkje er kartlagt tidlegare, vil miljøvernstyresmaktene også vurdere tilbodet og sette eventuelt i gang med naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiar. I Møre og Romsdal er ein vesentleg del av den verneverdige skogen kartlagt tidlegare og aktuelle data er tilgjengelege i www.naturbase.no.

Om det på bakgrunn av ei slik registrering vil vere aktuelt å fremme eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Når staten og grunneigar er kome til semje om desse punkta, vil området gjennomgå ei vanleg saksbehandling i tråd med naturmangfaldlova.

Tilbodet

Statsforvaltaren har motteke tilbod om friviljug skogvern på eit område ved Digerneset i Ålesund kommune. Området omfattar gnr/bnr 533/1 og 535/2. Tilbodet vert framsett av ALLSKOG SA den 08.02.2022.

Det naturfaglege grunnlaget for eit vern er basert på både eldre og nyare kartlegging av naturtypar i området. I 2011 blei store delar av tilbodsområdet kartlagt som gamal barskog (*Holtan, D. 2011. Supplerande kartlegging av naturtypar i Skodje kommune i 2011*). Som følgje av behov for oppdatert informasjon om dei biologiske verdiane blei heile tilbodsområdet kartlagt av Natur og Samfunn i 2023.

ALLSKOG skal taksere skogen i tilbodsområdet, og det blir forhandla fram ein erstatningsavtale med grunneigarane. Området vil ikkje bli tilrådd verna før avtalen om erstatning er signert, men ALLSKOG har på vegne av grunneigaren akseptert at planprosessen vert sett i gang. Statsforvaltaren meldte oppstart av verneplanprosess for området i brev av 15.01.2024.

Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov av 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, blir foreslått brukt for skogsområda i dette verneplanframleggjet.

Naturmangfaldlova § 37 i har slik ordlyd:

«Som naturreservat kan vernes områder som inneholder truet, sjeldent eller sårbar natur, representerer en bestemt type natur, på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold, utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettningstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringar verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettningstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdets skjøtsel.»

Naturfaglege registreringar

I naturbase er det registrert ein lokalitet med gammal barskog som dekkjer store delar av tilbodsområdet. Lokaliteten er kategorisert som viktig (verdi B) ut ifrå kartlegging etter DN-handbok 13. Den vert omtala slik i naturbase:

«Lokaliteten ligg på nordsida av Skinstadreset naturreservat, og grensar mot denne om lag heile strekninga aust-vest. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar. Området ligg i sterkt oceanisk vegetasjonssone, humid underseksjon (O3h) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Området førast til F08 gammal barskog, med utforminga F0802 gammal furuskog. Vegetasjonen er dels blåbærskog (A4a), dels småbregneskog (A5a) og på tørrare stader også røsslyng-blokkebærskog (A3c). I tillegg er her litt myrlendt skog (impediment). Furu er dominerande treslag, og haugen midt i lokaliteten har nesten ikkje innslag av lauvtre. Særleg i nordskrenten kjem dei inn, med bjørk, gråor, osp, rogn og selje. Gjennomgående ligg tverrmålet på furu i storleiken 40-50 cm, men mange ligg også i storleiken 50-60 cm, og heilt opp til solide 151 cm vart målt. Daud ved finn ein helst spreidd.

Av karplanter kan nemnast bjønnkam (svært talrik), blåtopp, fjelltistel (uventa funn, høyre eigenleg heime på rikmyr), kornstorr, hengjeaks, maiblom, skogfiol, skogstorkenebb, smørtelg, storfrytle, sumphaukeskjegg, tepperot, tågebær og øyrevier. Gubbeskjegg (NT) veks til dels talikt på eldre furutre. Både kvitryggspett, hønsehauk (VU) og storfugl nyttar området jamt.»

Statsforvaltaren vurderte kunnskapsgrunnlaget som noko svakt, og det vart difor utført supplerande kartlegging av Natur og Samfunn (2023). Dei ga oss følgjande skildring av området:

«Det kartlagte området består av en middels bratt nordvendt liside og et smalt platå. Alt arealet er dominert av fattige skogtyper (bærling, lyng og blåbærskog) med furu som dominerende treslag, men med en betydelig andel bjørk og rogn. Av naturkvaliteter så kan det trekkes frem at langs ryggen mot det eksisterende verneområdet er forekomster av gammel furu, men bare et areal ble vurdert å ha høy nokk tetthet av gamle trær for utfigurering av egenskapsområdet «store gamle trær».»

Av signalarter så forekommer gubbeskjegg (NT) spredt i høyden, og det ble gjort et sporadisk funn av druelav (NT). Det resterende arealet i nord -delen fremstår som mer alminnelig, med en del spor etter plukkhogst. Andelen gubbeskjegg er også lavere her, men en del strylav forekommer, og litt lungenever/skrubbenever (ikke spesielt velutviklede forekomster).

Når det gjelder død ved er det en del liggende død furu spredt i hele området (med ulike nedbryningsgrader), i tillegg er det også noe liggende døde boreale løvtrær. Områdene med død ved var imidlertid «klumpete fordelt» og ble for det meste vurdert å være under 2 daa (med noe usikkerhet, da en del stokker var vanskelig å se som en følge av mosedekket).

Det er ingen rødlistede naturtyper eller landformer i området. Med noe usikkerhet på knyttet til boreonemoral regnskog, da kartlegger kan ha oversett kryptiske moser og lav, da det etter min vurdering er potensiale for dette i den nordvendte siden. At det ikke ble funnet kan også tenkes at plukkhogsten i området har hatt en betydning for naturkvalitetene.

Noe småvokst gran er i spredning og kan på sikt bli et problem. I henhold til Framstad et al. (2017) og vår vurdering fyller området litt mangler knyttet til «gammel furuskog» (Håkon Brandt Fjeld, Natur og Samfunn AS).»

Kunnskapsgrunnlaget viser at området har kvalitetar for vern som naturreservat. Store delar av arealet består av lågtliggende fattige skogtypar med oseanisk preg, med furu som dominerande treslag. Førekomstane av gammal furu og liggande død ved av furu er av særleg interesse. Mangelanalyse av skogvernet gjort av Norsk institutt for naturforskning i 2016 viser at slik skog er underrepresentert i verneområda.

Ei utviding av Skinstadreset naturreservat vil føre til eit større, meir intakt og meir robust verneområde. Det vil mellom anna redusere risikoen for uheldig påverking frå nærliggande område. I tillegg vil ei utviding vere positivt for det økologiske nettverket, som gjev artane betre moglegheit til å spreie seg mellom omkringliggende, intakte skogområde. Spesielt viktig kan dette være for førekomstane av barlind som vekst i Skinstadreset naturreservat, og som er kategorisert som sårbar (VU) på raudlista. Det same gjeld soppen barlindsetflak (VU), som i Møre og Romsdal berre er registrert i nærliggjande område kring Skodje.

Det vil kunne bli behov for å fjerne spreidd gran i eit naturreservat. Grana er ein introdusert art som er uønskt i området. Slik skjøtsel vil kunne gjennomførast innan ordinære budsjettrammer.

Skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltingstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for avverkinga og bidraget skognæringa hadde til det grøne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Utviding av Skinstadreset naturreservat er tilbode for friviljug vern av grunneigarane etter 1. februar 2022. Det blir difor omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet. Den fullstendige skogvurderinga ligg som vedlegg 2 i dette dokumentet.

Verne- og skogbruksinteressane er samanfatta i tråd med skogvernrutina (tabell 1). Området består av lågtliggende eldre furuskog i eit oseanisk klima. Dette er skog som er under-representert i verneområda i fylket. Utvidinga vil bidra til vern av eit større samanhengane skogsområde, og sikre området mot uheldig påverknad. Sett frå eit skogbruksperspektiv utgjer ikkje volumet av furu særleg mykje for skogsnæringa, men noko av arealet i den nordlegaste delen av området som blir foreslått verna er enkle driftsmessige areal.

Tabell 1 Områdets betydning for skogvernet og for tømmertilgangen.

Betydning for vern	Har	V1	V1S7	V1S6	V1S5	V1S4	V1S3	V1S2	V1S1
		V2	V2S7	V2S6	V2S5	V2S4	V2S3	V2S2	V2S1
		V3	V3S7	V3S6	V3S5	V3S4	V3S3	V3S2	V3S1
	Kan få	V4	V4S7	V4S6	V4S5	V4S4	V4S3	V4S2	V4S1
		V5	V5S7	V5S6	V5S5	V5S4	V5S3	V5S2	V5S1
		V6	V6S7	V6S6	V6S5	V6S4	V6S3	V6S2	V6S1
	Har mindre	V7	V7S7	V7S6	V7S5	V7S4	V7S3	V7S2	V7S1
		S7	S6	S5	S4	S3	S2	S1	
Har mindre			Kan få			Har			
		Betydning for tømmertilgangen							

Andre brukarinteresser

Området er sett av til LNF-område i kommuneplanen sin arealdel.

Saksbehandling

Oppstartsmelding

Statsforvaltaren sendte ut melding om oppstart av verneplanprosessen for etablering av naturreservat til fleire aktuelle interessepartar i brev av 15.01.2024. Frist for innspel til planarbeidet var sett til 05.02.2024.

Det har kome 6 innspel til oppstartsmeldinga.

- Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) kan ikkje sjå at det er energiinteresser innafor området. NVE ber likevel Statnett og områdekonsesjonær Nordvest Nett AS om å kommentere verneforsлага med tanke på deira eksisterande og framtidige prosjekt, sjølv i tilfelle utan konflikt.
- Statnett viser til at deira anlegg og planar ikkje vil bli berørt, og har ingen merknader til vernet.
- Nordvest Nett har i dag ikkje nettanlegg i det foreslår området, og viser til at det ikkje føreligg framtidige planer for deira del i området.
- Kartverket viser til at *Skinstadreset* er godkjent skrivemåte, men at med utviding vil ikkje namnet bli særleg dekkande for heile området. Dei foreslår å heller velje *Høgsætra* eller

Høgsætra og *Digerneslia* som samlande namn på verneområdet, og viser til at begge desse skrivemåtane er godkjende.

- Språkrådet stiller seg bak fråsegna til kartverket
- Statens vegvesen viser til varsla planarbeid for E39/E136 Breivika-Digernesskiftet. Utvidinga av verneområdet vil ikkje bli påverka av dette. Statens vegvesen ønskjer likevel at ein ser samla på verneområdet slik at det kan tilpassast ei framtidig vegløysing ved at ein utsett vernet til planvedtak ligg føre, eller at ein formulerer verneforskrifta slik at behov for utbetring/oppgradering av vegnettet blir sikra.

Vurdering av innspela

Statsforvaltaren har tatt innspelet frå kartverket og språkrådet til orientering. Vi vurderer det som mest teneleg å halde fram med *Skinstadreset* som namn på heile verneområdet, då dette er eit namn som er brukt i forvaltningsarbeidet sidan 2000, då Skinstadreset naturreservat blei oppretta. Namnet har også tilknyting til området.

Statsforvaltaren har også tatt innspelet frå Statens vegvesen til orientering. Vi legg vekt på at forslaget om utviding av verneområdet ikkje vil bli påverka av det varsla planarbeidet for E39/E136. Dersom prosjektet blir realisert og på noko vis blir hindra av vernet, har forvaltningsstyretemakta moglegheit til å justere vernegrense eller gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48.

Forvaltningsstyretemakt

Ålesund kommune skal gjennom høyningsprosessen gje tilbakemelding på om dei ønskjer å bli forvaltningsstyretemakt for nye verneområde i tråd med gjeldande politikk på området.

Forvaltningsstyretemakta blir fastsett gjennom forskrifter når området blir vedteke verna.

Vidare saksgang

I samsvar med naturmangfaldlova og saksbehandlingsreglane i denne, sender Statsforvaltaren med dette verneframlegga på høyring.

Skogen blir taksert av ALLSKOG i samarbeid med Staten sin skogsakskunnige. Det blir gjennomført forhandlingar med grunneigarane om erstatning, avgrensing og framlegg til forskrift.

Etter denne lokale og sentrale høyringa vil Statsforvaltaren, på bakgrunn av høyingsdokument og innkomne fråsegner, skrive ei tilråding til Miljødirektoratet. Direktoratet fremmer så saka for Klima- og miljødepartementet, som deretter vil førebu ho og legge fram eit framlegg om vernevedtak for Kongen i Statsråd.

Etter vernevedtaket ved kgl.res. vil erstatningar bli utbetale i samsvar med avtalen.

Statsforvaltaren får så i oppdrag å gjøre vedtaket kjent og sørge for at reservatet blir merka og skilta. Merking og oppmåling blir gjort av jordskifteretten etter krav fra Statsforvaltaren om grensegang og merking.

Framlegget til naturreservat går fram av vedlagt vernekart.

Ut frå normal saksbehandlingstid kan eit vernevedtak tidlegast skje i desember 2024.

Vedlegg 1

Forskrift om endring av forskrift om freding av Skinstadreset som naturreservat, Skodje kommune, Møre og Romsdal.

Fastsett ved kgl.res xx. xxx 202x med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturarven § 8, jf. § 10 og § 21, § 22 og § 23. Endra ved Fremja av Miljøverndepartementet.

I forskrift av 13.10.2000 nr. 1037 om Forskrift om freding av Skinstadreset som naturreservat, Skodje kommune, Møre og Romsdal, blir følgjande endring gjort:

Forskrifta sin tittel skal lyde:

Forskrift om vern av Skinstadreset naturreservat, Ålesund kommune, Møre og Romsdal

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit verdifullt skogsområde som inneheld trua og sårbar natur. Området representerer ein naturtype med verdiar knytt til kystfuruskog og ein stor barlindførekommst.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Ålesund kommune: 532/1, 532/2, 533/1, 535/2 og 545/3.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 530 daa. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet [dato]. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Ålesund kommune, hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3 Verneregler

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller deler av desse frå naturreservatet. Planting eller sång av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form

for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.

- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Brenning av bål er forbode

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sinking av bær og matsopp
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald av eksisterande bygningar og anlegg i samsvar med standard på vernetidspunktet
- e. beiting
- f. utsetting av saltstein
- g. brenning av bål med tørrkvist frå bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk
- h. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt
- i. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i samband med storviltjakt

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom eksisterande stiar.

§ 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvalningsstyremakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 annet ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. nødvendig uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvalningsstyremakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminner
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. oppsetting og vedlikehald av gjerder
- e. merking og rydding av nye stiar
- f. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- g. ringbarking, hogst og uttag av gran og andre framande treslag
- h. gjenoppføring av bygningar og anlegg som går tapt ved brann eller naturskade
- i. bruk av naturreservatet til miljøtilpassa reiselivsverksemd i samsvar med plan godkjent av forvalningsstyremakta

- j. øvingskøyring for føremål nemnt i § 6 første ledd
- k. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav f, j og § 7 bokstav b, d, g og h

§ 8 Generelle dispensasjonsreglar

Forvalningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifa dersom det ikkje stirr mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 Skjøtsel

Forvalningsstyresmakta, eller den forvalningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10 Forvaltningsplan

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærmere retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 Forvalningsstyresmakt

Miljødirektoratet fastset kven som er forvalningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12 Ikraftsettjing

Denne forskrifta trer i kraft straks. Samtidig blir Forskrift om freding av Skinstadreset som naturreservat, Skodje kommune, Møre og Romsdal (FOR-2000-10-13-1037), oppheva.

Vedlegg 2

Avveiling av områders betydning for vern og betydning for tømmertilgangen

Skinstadreset utviding

Tabell 1 Nøkkeldata for området

Navn på område	Skinstadreset utviding				
Totalt areal	182	Produktivt skogareal	113	Totalt skogareal	168
Fylke	Møre og Romsdal				
Kommune	Ålesund				
Eierform	Privat				

Formål

Avveiningen skal sikre at skogvernet bidrar effektivt til å oppfylle de nasjonale målene for naturmangfold, samtidig som vernet gjennomføres på en slik måte at det får minst mulig konsekvenser for skog- og trenæringen.

Betydning for skogvernet

Tabell 2 Oppsummering - verneforslaget sin betydning for skogvernet

Verbal oppsummering og vurdering					
<ul style="list-style-type: none"> Sjå utgreiing, naturbase.no 					
Verneverdi	B - viktig	Nær truete og truete naturtyper			
Mangelinndeckning	Middels	Restaureringspotensial for truet natur.	Kort sikt (0-20 år), Fjerning av introdusert gran		
Betydning for økologisk nettverk	Stor	Kan manglene dekkes annet sted, med mindre skogbruksmessig betydning	Usikkert		
Nær truete og truete arter	Gubbeskjegg (NT) og druelav (NT)				
Konklusjon		Har betydning			
Vurdering av områdets betydning for å nå målene for skogvernet (representativitet/bevaring av nær truet og truet natur):					
<ul style="list-style-type: none"> Området består av ein oseanisk prega skog med furu i boreonemoral vegetasjonssone. Utvidinga vil bidra til vern av eit større samanhengande skogsområde. 					
Konsekvens dersom området ikke blir vernet:					
<ul style="list-style-type: none"> Området vil kunne bli tilgjengeleg for ulike tekniske inngrep. Ein mistar heimelen til å fjerne spreidde framande artar og introduserte artar som gran. 					

Betydning for skog- og trenæringen

Tabell 3 Oppsummering – verneforslaget sin betydning for skog- og trenæringen. Oppsummeringen baseres på opplysninger som framkommer for den skogfaglige malen som ble utarbeidet i deloppdrag 1

Verbal oppsummering og vurdering:		
<ul style="list-style-type: none"> Skogvern – betydning for skog- og trenæringen lokalt og regionalt Skogproduksjon Driftsforhold Infrastruktur 		
Tømmertilgang - Tallmessig beskrivelse	Areal	Kubikkmasse
Gruppe S1-S3 Har betydning	70	1600
Gruppe S4-S6 Kan få betydning	43	800
Gruppe S7 Har mindre betydning	55	500
Arealet er noe delt sett for skogsdrift. Med traktorvegen nord for feltet, ligger det til rette for skogsdrift på de enklest drevne områdene. Noe lang terrenghtransport vil senke netto, men arealet er absolutt drivbart, med reduksjon i volum for kantsoner og myr. Volummessig utgjør ikke 1400 m ³ (redusert for kantsone) furu mye for skognæringen, men her er deler av det foreslåtte vernet, enkle driftsmessig areal.		
Taubanearealene kan drives, men er avhengige av tilskudd både til drift og uttransport. Dette er dermed mindre sannsynlig.		

Driftsmessig er det såpass lett tilgengelige areal at det optimale for skogbruket ville vært å sett på avgrensning av arealet i nordre del, om de driftsmessig enklere delene kunne vært tatt ut. (50 – 70 daa) og kanskje i den prosessen også gjort en vurdering av naturtypen med hogstforslag, da det er innslag av ung gran i denne. Ref tidligere nevnt «svak naturtype-vurdering»

Områdets betydning for skogvernet og for skog- og trenæringen

Tabell 4 Områdets betydning for skogvernet og for tømmertilgangen.

Betydning for vern	Har	V1	V1S7	V1S6	V1S5	V1S4	V1S3	V1S2	V1S1	
		V2	V2S7	V2S6	V2S5	V2S4	V2S3	V2S2	V2S1	
		V3	V3S7	V3S6	V3S5	V3S4	V3S3	V3S2	V3S1	
	Kan få	V4	V4S7	V4S6	V4S5	V4S4	V4S3	V4S2	V4S1	
		V5	V5S7	V5S6	V5S5	V5S4	V5S3	V5S2	V5S1	
		V6	V6S7	V6S6	V6S5	V6S4	V6S3	V6S2	V6S1	
		Har mindre	V7	V7S7	V7S6	V7S5	V7S4	V7S3	V7S2	
		S7	S6	S5	S4	S3	S2	S1		
		Har mindre		Kan få			Har			
		Betydning for tømmertilgangen								

Avveining

Tabell 5 Avveining mellom hensynet til skogvern og hensynet til skog- og trenæringen

Konklusjon	
Vern gis prioritet	Ja
Arealreduksjon	Nei
Området består av lågtliggende eldre furuskog i eit oseanisk klima. Dette er skog som er underrepresentert i verneområda i fylket. Utvidinga vil bidra til vern av eit større samanhengane skogsområde, og sikre området mot uheldig påverknad.	
Sett frå eit skogbruksperspektiv utgjer ikkje volumet av furu særleg mykje for skogsnæringa, men noko av arealet i den nordlegaste delen av området som blir foreslått verna er enkle driftsmessige areal.	

Skogvurdering Skinstadreset utviding

Fylke	Møre og Romsdal
Kommune	Ålesund
Område	Skinstadreset, utviding
Gnr/Bnr	535/2 og 533/1

Tømmertilgang (arealer, kubikkmasse, infrastruktur, foredling) som påvirkes

Skogvern, tømmertilgang og avvirkning i aktuell fylke/kommune	Kommune		Fylke	
	Areal	Kubikkmasse	Areal	Kubikkmasse
Foreslått skogvern produktivt skogareal	113	2400		
Foreslått skogvern totalt skogareal	168	2900		
Foreslått skogvern totalt areal	180	xxxxxxxxxxxx		xxxxxxxxxxxx
Eksisterende skogvern produktivt skogareal	6340		53855	
Eksisterende skogvern totalt skogareal	7369		105320	
Eksisterende skogvern totalt areal		xxxxxxxxxxxxxx		xxxxxxxxxxxxxx
Gjennomsnittlig avvirkning siste 5 år		19661		271000
Stående volum og produktivt skogareal	154233		2826463	
Stående volum og totalt skogareal	182166		4196579	

Kommentar til hvordan tømmertilgangen påvirkes

Det foreslalte vernet utgjør 113 daa med produktiv skog, noe som er å anse som lite, som vi vurderer til 2400 m³ med skog. I sum utgjør ikke disse arealene eller volumene noe vesentlig areal for skogbruket. Men bestokningen generelt er på et høyt nivå, med knappe 20 m³/daa på de nordre områdene. Ved bruk av SR 16 er det også innslag av gran i feltet lengst nord/nordvest, der deler av arealet ligger i naturtype «gammel barskog» kategori «Viktig». Videre er det å lese av Skoganalysen og en tidligere vurdering at det stilles spørsmål ved vurdering av om området holder kvalitetene til «gammel furuskog» som Naturtype.

Kilde til data: Skogbruksplan, Skograpport/Kilden, Gårdskart

Tilbudd/vurdert område

Arealer fordelt på produksjonsevne (AR5)					
Høg bon. (26-17)	Middels bon. (14-11)	Låg bon. (8-6)	Totalt produktivt areal	Totalt skogareal	Totalt areal
	113		113	168	180

Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes:

Eldre furuskog i dels brattlendt terreng. Evt. vern får lite konsekvenser for omkringliggende område. Tilkomst er i fra nord, og tilgrensande areal i sør er allereie verna. Arealet er noe ulikt, da det i sør, mot eksisterende vern er bratt og ulendt, er det i nord nært traktorveg, i terreng som kan drives med terrengående kjøretøy. Det aller meste av skogen står i drivbart terreng, men det er lang transport ut til hentested for tømmerbil.

Kilde til data: Skograppport/Kilden, Skogbruksplan

Treslag, areal og kubikkmasse

	Hkl. I-III		Hkl IV-V		Sum	
	Produktivt areal	Kubikkmasse	Produktivt areal	Kubikkmasse	Produktivt areal	Kubikkmasse
Grandominert						
Furudominert			113	2400	113	2400
Lauvdominert						
SUM						
Herav nøkkelbiotoper						

Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes:

Furu, med til Møre og Romsdal å være, gode volum. Knapt 20 m³/daa. Fra kantsone i myr og oppover lia stort sett fastmark, til hamre og bratt terreng, med slakere terreng på toppen, og mer spredte skogsvolum.

Kilde til data: Skograppport/Kilden, Skogbruksplan

Driftsforhold	Gruppering	Produktivt skogareal	Kubikkmasse
Aktuelt driftsutstyr/maskiner	Hjul-/beltegående	70	1600
	Taubane, lekter m.m	43	800
Transportavstand til leveringsplass/bilveiskant på hogsttidspunktet	<1500 m	113	2400
	1500-2500 m		
	>2500 m		

Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes:

Det går ein traktorveg parallelt med framlegg til verneområde. Den er om lag 100 meter unna. Skogen i foreslått verneområde ligg 300 – 1000 meter frå bilveg.

Deler av arealet er tilgjengelig for hjulgående terrengutstyr (hogstmaskin) Dette er å klassifisere som enkelt driftsterreng, tilrettelagt for hogst med traktorveg 3-600 m fra det enkle terrenget. Noe myr som må hensyntas med kantsoner vil redusere volum for hogst noe. Resten av den produktive skogen står i terrenget definert som taubaneterreng, noe som krever større kostnader for drift, og da det er furu er det av beskjeden viktighet. Men drivbart.

Kilde til data: Skograppoert/Kilden, Skogbruksplan

Infrastruktur	Kubikkmasse
Bortfall av kubikkmasse til skogsbilvei	2400
Bortfall av kubikkmasse til togterminal	
Bortfall av kubikkmasse til tømmerkai	2400

Kommentarer til hvordan eksisterende, planlagte og mulige nye investeringer påvirkes

Med traktorvegen nord for verneområdet er det 1600 m³ som er godt tilrettelagt for hogst, noe justert for kantsoner og myr, men enkelt drivbart. Noe lang transport, men vil med dagens priser gi positiv netto for skogeier ved hogst. Taubanearealene er drivbare, vil kreve tilskudd for å gå i plus, men er mer marginale areal. Lang transport for taubaneareal gjør disse mindre aktuelle.

Kilde til data: Skograppoert/Kilden, Skogbruksplan

Oppsummering

Verbal beskrivelse:

- Skogvern – betydning for skog- og trenæringen lokalt og regionalt
- Skogproduksjon
- Driftsforhold
- Infrastruktur

Tømmertilgang - tallmessig beskrivelse:	Areal	Kubikkmasse
A Har betydning	70	1600
B Kan få betydning	43	800
C Har mindre betydning	55	500

Verbal beskrivelse:

Arealet er noe delt sett for skogsdrift. Med traktorvegen nord for feltet, ligger det til rette for skogsdrift på de enklest drevne områdene. Noe lang terrengetransport vil senke netto, men arealet er absolutt drivbart, med reduksjon i volum for kantsoner og myr. Volummessig utgjør ikke 1400 m³ furu mye for skognæringen, men her er det enkle driftsmessig areal som er planlagt vernet.

Taubanearealene kan drives, men er avhengige av tilskudd både til drift og uttransport. Dette er dermed mindre sannsynlig.

Driftsmessig er det såpass lett tilgengelige areal at det optimale for skogbruket ville vært å sett på avgrensning av arealet i nordre del, om de driftsmessig enklere delene kunne vært tatt ut. (50 – 70 daa) og kanskje i den prosessen også gjort en vurdering av naturtypen med hogstforslag, da det sporadisk finns ung gran i denne. Ref tidligere nevnt «svak naturtype-vurdering»